

svart katt med rabies som låg oppå eit knust speil.
— Dette betyr ulykke, sa den eine politikmannen og såg heilt fortvila ut.

sterkt lysglimt. Dei kjem seg på beina og ut av nauset.
Landskapet er forandra og det er mange folk i rare klede.

Naturkraftstipend til Notaflo

Sluselaget har store draumar i Skjoldastraumen. Tyrsdag fekk dei seg litt kapi-tawl av Naturkraft.

Av Marianne Grundtjern

Sluselaget, symjaren Cecilie Waage Johannessen, kammerkor i distriktet ved Ive Buch Romme og HC-laget til Djerv 1919 fekk tyrsdag 25.000 kroner kvar frå Naturkraftfondet.

— Det er kjekt å sjå at me fekk såpass varierte søknader, og frå ulike

delar av distriktet. Det kom inn om lag 50 søknader, og me plukka ut desse fire, seier informasjons-sjef i Naturkraft, Geir Fuglseth. Det var han, kultursjef i Tysvær Ingvar Frøyland, og idrettsjef i Haugesund Kjell Einar Bergsaker som sat i juryen.

Store planar

Eivind Tore Langelandsvik, leiar av Sluselaget, sette pris på å få stipend.

— Me har sett at foreiningslivet i Skjoldastraumen har døydd ut, og tenkt på kva me kan gjere for å få liv i bygda. Me har ei fin badestrand, Notaflo, og her har me planar om sandvolleyball-



Geir Fuglseth (t.v.) gav stipend til Eivind Tore Langelandsvik frå Sluselaget.



Kjell Bjelland frå Djerv 1919, symjaren Cecilie Waage Johannessen, Ive Buch Romme som skal starte Kammerkor, og Eivind Tore Langelandsvik frå Sluselaget tok imot stipend.

Foto: Marianne Grundtjern

bane, garderobebygg med kiosk, scenebygg for konsertiar og dans, småbåtbrytte, tribunar og tursti som skal knytte Notaflo til sluse, seier Langelandsvik.
Han ser for seg at dette kan komme i løpet av fem til ti år.
— Eg trur me vil trenge 5-6 mil-

lionar kroner totalt, me held på å lage budsjett no. Me får litt støtte frå kommunen, men må òg få inn pengar på andre måtar. Det er flott å få eit slikt stipend, det gjev oss eit puff vidare, og me ser at andre har trua på det me held på med. Me søker på mange forskjellige

stipend, mellom anna frå Gjensidigestiftelsen, seier Langelandsvik. Fuglseth fortel at dei fall for søknaden til Sluselaget.

— Det er eit spennande og morsamt prosjekt dei held på med. Det kjem til å bidra til aktivitet, seier Fuglseth.